

Fra: Bjørn Inge Midtgård (Bjorn.Inge.Midtgard@hfk.no)
Sendt: 05.06.2014 13:50:26
Til: Olsen, Stine Karoline (NO - BERGEN) (stiolsen@DELOITTE.no)
Kopi: Brit Mari Heggøy; Jon-Rune Smørdal; Thorbjørn Aarethun

Emne: Selskapskontroll Hardangerbrua AS

Vedlegg: Hardangerbrua AS.pdf;Prosedyre_for_eigarskapsforvaltning.pdf;Deloitte.pdf;image002.png

SELSKAPSKONTROLL – HARDANGERBRUA AS

Eg viser til brev (vedlegg) frå 15 mai. 2014 om selskapskontrollar.

Hordaland fylkeskommune sitt føremål med eigarskapen i Hardangerbrua AS er av samfunnsmessig karakter; å medverka til at vedtatt bompengefinansiering i samsvar med gjeldande bompengeproposisjon vert følgt, samt at innkrevjing og forvaltning av bompengane skjer i samsvar med gjeldande regelverk. Statens vegvesen/Vegdirektoratet har også ei sentral rolle i dette. Fylkeskommunen har garantiansvar for selskapet sine lån, og det er derfor ein medviten eigarstrategi å inneha aksjefleirtalet (her 53,33%) – for å sikra seg at økonomiske disposisjonar i selskapet ikkje set den fylkeskommunale garantien i fare.

Aktuell dokumentasjon:

- ✓ Utanom FT sak 62/11 frå 1.11.2013 – Val til faste utval, styre og råd, har HFK handsama to politiske saker gjeldande Hardangerbrua (sjå vedlegget Hardangerbrua AS) dei siste åra. Det er FT sak 59/12 frå 16.10.2012 - Justering av lånerammer og FT sak 27/13 – Eigarskapsmelding 2013.
- ✓ Prosedyre for eigarskapsforvaltning.
- ✓ Anna dokumentasjon: Generalforsamling 2013 og spørsmål om ev. å endra styresamansetnaden (sjå vedlegget Hardangerbrua AS).

På spørsmålet om korleis HFK organiserer eigarstyringa av Hardangerbrua AS, viser eg til vedlagde prosedyre. For nærmare informasjon kan følgjande kontaktast:

Namn	Avdeling	Tlf.	Epost	Rolle/tema
Thorbjørn Aarethun	Samferdselsavdelinga	55239367	Thorbjorn.Aarethun@hfk.no	Kontaktperson samferdsel
Jon Rune Smørdal	Økonomiavdelinga	55239099	Jon-Rune.smordal@hfk.no	Eigarskapstrategi/lånegarantiar
Brit-Mari Heggøy	Organisasjonsavdelinga	55239013	Brit.Mari.heggoy@hfk.no	Styreval/generalforsamling

Hardangerbrua AS rapporterer til fylkeskommunen på Ad – hoc basis ved behov, utanom dei faste oversendingane av årsberetningane og innkallingane til generalforsamling. Den normale kommunikasjonen mellom selskap og eigar vil vera at styreleiar i viktige saker tek direkte kontakt med fylkesrådmannen (som sekretær for eigarrepresentantane) for å diskutere strategisk tilnærming. Dagleg leiar Einar Lutro er medlem i samferdselsutvalet i HFK og kjenner samferdselsavdelinga godt.

Med omsyn til gjennomføring av eigarmøte i tillegg til generalforsamling, har fylkeskommunen p.t. ikkje ein praksis for å ta initiativ til eller gjennomføre dette på rutinemessig basis. Fylkeskommunen tek initiativ til eigarmøte om det er behov for det.

Samferdselsavdelinga si oppfølging av Hardangerbrua AS i 2014:

- ✓ Innhenta trafikktaal frå selskapet og vurdert trafikkutviklinga (meldingsak til SAMU og FUV)

- ✓ Innhenta samanstilte rekneskapstal frå Statens vegvesen, for vurdering av admin, og driftsutgiftene til selskapa.
- ✓ Kontrollert åreberetning/årsrekneskap, innkallinga til generalforsamling
- ✓ Innhenta selskapet sine låneavtalar med sikte på ev fusjonering i eit regionalt bompengeselskap
- ✓ Vurdert lågare tal på styremedlemer i selskapet (etter ønske frå Vegdirektoratet)

Med helsing

Bjørn Inge Midtgård
Seniorrådgjevar
Samferdselsavdelinga| transportplanseksjonen



Tlf: 55 23 94 19 | Mob: 41685134

www.hordaland.no

PS –oversending om Halsnøysambandet AS kjem seinare.